

Oppgave 1

a) Teksten “Hold min hånd” (Bjerke, 2015) handlar om nokon som skrivar om seie drøyme dame eller den han er forelska i. Dette kjem fram når han seier “Kan jeg tro mitt lykkefunn? Er ditt blikk og smil en kvinnes?” (Bjerke, 2015) Her kan me sjå at det vert skrivet om ei kvinne som nokon er forelska i.

b) “Sola stige og stige i andletet ditt” (Aga, 2015) kan bety at den personen kan bli sola til snødagen. Det blei sagt at det var ein snødag og det kan vere ein ganske mørk dag. Så “Sola stige og stige i andletet ditt” kan bety at ho på ein måte blir lyset i det mørke.

c) Temaet i dei to tekstane handlar jo om forelsking, men på to forskjellige måtar. I teksten “Hold min hånd” (Bjerke, 2015) er det usikkert på om drøyme dama finnast, mens i “Eg har så lyst” (Aga, 2015) handlar det om å ha lyst. I “Hold min hånd” (Bjerke, 2015) brukast det få verkemidlar. Diktet er i fri form og det er ingen rytme i diktet, mens i “Eg har så lyst” er det strukturert med 4 verselinjer i kvar einaste strofe. Det har ein bunden rytme som flytar fint og gjentakingar i kvar strofe. Det blir sagt “Hold min hånd en liten stund” (Bjerke, 2015) ein gong kvar strofe.

Oppgave 2a

Eg burde berre stoppet når leiken var god! Der vaknar eg. Vaknar av at ein gravemaskin hamrar laus på asfalten nedanfor leilegheita mi. Himmelen grin og det pøsar ned med regn over Bergen sentrum. Klokka er halv ti og eg hadde tenkt å møte nokon kompisar litt seinare, men det er lenge til. Eg kler på meg og lager noko frukost. Det blir tre skiver med gulost, men det går fint. Eg ligg meg i sofaen og sitt på TV-skjermen. Det fyrste som kjem opp er ei sending som spør om hjelp om å leite etter ein magisk kule. Dei seie deretter at den held til i Bergensområdet. Eg blir interessert og bestemmer meg for å finne meir ut av dette. Det ser ut som om politiet allereie har patruljar over heile Bergensområdet.

Eg nærmast spurtar ut av leilegheita og ned mot vegen. Viss ingen har funne denne kulen endå må den vere godt gøymt. Eg går mot retning Ulriken, det er der eg tippar

den er gøymt. Det tar berre tjue minuttar å gå til starten av Ulriken frå leilegheita mi. Etter femten minuttar med over gjennomsnittleg rask gåing var eg framme med starten. Det er tåkete, grått og mørkt lengre oppi bakken og vinden kviskrar til meg. Det er ingen andre på stien, berre meg, mørket og skuggen min. "Vent, kva er den lyden?" Eg høyrer ein slags summing langt vekke. Eg bestemmer meg for å inspisere lyden, men det blir langt å gå. Plutseleg høyrer eg to folk som snakkar framfor meg. Eg blir musestille i tre sekundar før eg begynner å bevege på meg igjen. Så høyrer eg "stans!" "Kva er det for noko?" seier eg med min mjukaste stemme. "Kva gjer du her på ein dag som dette?" Det var ein politimann og han leitar sikkert etter kula.

Eg veljar å ikkje seie noko til han om det. "Berre går ein tur opp den fine Ulriken" Seier eg. "Du har vel ikkje sett noko svevande kula?" spør han om. "Nei, har ikkje sett noko svevande i heile mitt liv". Han virket bekymra for noko, men eg veit ikkje heilt kva. Eg fortsette marsjen mot summinga og eg kjenner lyden kjem nærmare og nærmare til det plutseleg er ei svevande kule framfor meg. Eg kan føle kraften og auraen til kula og den kviskrar til meg "Ta på meg". Eg forsøker å ta borti kula, men det skjer ingenting. Plutseleg kjem det lyn og torevêr rett over meg. Det blir stille og bekmørkt i himmelen. Kva skjedde nå? Kva har eg gjort? Det er ingen lys på i heile Bergen. Kva har ein gjort? Kvifor meg?

Oppgåve 3

Hovudinnhaldet i denne avisartikkelen handlar om korleis engelsk blir brukt stadig meir i daglegspråket. Unge brukar meir og meir engelsk i dykkast språk. Teksten handlar om korleis engelsk kan gjere det enklare å få fram det du vil seie, utan at du må bruke kleine norske ord. Det er gjennom internett unge plukkar opp mest nye engelske ord frå. På gaming og internett er det veldig ofte engelsk det går i og det er ofte der mange unge held til. Ifølgje (Medietilsynet, 2020) seier dei at engelsk er det vanlegaste språket som barn og unge får høyre når dei ser på ting på internett. Gjennom TV, YouTube og TikTok har engelsk ei enorm innflytelse på unge. Det er veldig ofte engelske videoar som blir lagt ut og det er ofte dei som kjem opp fordi dei er dei mest populære. Dette er berre ein av grunnane til at engelsk uansett kjem til å endre måten vi kommuniserer med kvarandre på og at det allereie har gjort store

innspel. Engelsk kan også forandre måten vi bruker språket vårt på. Nå byttar me stadig meir og meir norske ord med engelsk. For eksempel er det ingen som seier “LUH”, men det er veldig mange som seier “LOL”, som står for laugh out loud. Ifølgje (Sørli, 2023) vil ikkje ha så mykje å seie om det norske språket blir vannet ut. “Det norske språket forandra seg veldig mykje allereie” (Sørli, 2023) seier Sørli. Ho bruker engelsk veldig ofte i kvardagen sin og syntest det er lettare å få fram kva du meiner med å bruke nokon få engelske ord og setningar.

Kilder:

Aga, Hanne (2015). «Eg har så lyst» i Ellen Wisløff (red.) *Ren poesi*. Cappelen Damm.

Teksten er tilrettelagd for eksamen av Utdanningsdirektoratet.

Bjerke, André (2015). «Hold min hånd». *Samlede dikt*. Aschehoug.

Teksten er tilrettelagd for eksamen av Utdanningsdirektoratet.

Ferkingstad, Ole Johannes (2023, 15. oktober). Unge foretrekker engelsk: Det er flere ord jeg ikke kan på norsk, basically. *Moss avis*.

<https://www.moss-avis.no/unge-foretrekker-engelsk-det-er-flere-ord-jeg-ikke-kan-pa-norsk-basically/s/5-67-1838240>

Teksten er forkorta og tilrettelagd for eksamen av Utdanningsdirektoratet.